

Referat Voss idrettsråd onsdag 15.02.2017

Tilstades: Asle Bergstrøm, John Gustav Nes, Britt Elisabeth Dale, Einar Melve, Borghild Haugo Ure og Nils Helge Kvamme

Fråfall: Renate Lunde, Frode Rokne, Nils Een

Ymse

- Saka om flaumregulering i Raundalselva.
Leiarar i Voss kajakklubb og Voss Raftingklubb har skrive brev til styret i Voss idrettsråd, der dei gir ytring for at dei er blitt «dolka i ryggen» av idrettsrådet. Leiar i Voss idrettsråd har skrive eit notat om saka, der han ber om orsaking for den uheldige vinklinga saka har fått. Styret er einig med leiar om innhaldet i notatet med orsakinga.
- Bruket arkitekt har utarbeida ein plan for travbane på Kyte. Styret er einig med fråsegna som leiar har skrive.

Sak 1 Godkjenning av referat 03.01.2017

Sak 2 Reguleringsplanarbeidet av sentralidrettsanlegget.

Det skal arrangerast ein konferanse i Voss kulturhus måndag 27. februar. Det er så langt 9 påmeldte. I tillegg kjem det representantar frå dei ulike idrettslaga, som er brukarar i Prestegardsmoen og vil halda innlegg.

Sak 3 Tilskot til trenarutdanning.

Det er kome inn 4 søknadar. Framlegget til tildeling vart vedtatt. Fbk Voss, Voss handballklubb, Voss IL (symjegruppa) og Bulken IL fekk tildelt pengar til trenarutdanning.

Sak 4 Marco Elsafadi sitt foredrag. Til orientering.

Idrettsrådet har støtta arrangøren med eit pengebeløp. Pengane er overført.

Sak 5 Godtgjersla til styret i idrettsrådet.

Frode og Nils har utarbeidd eit framlegg. Styret vedtok framlegget.

Sak 6 Frivillighetsgruppa i kommunal regi.

Nils Helge orienterte. Mandat til å oppretta ei gruppa for frivillig arbeid. Gruppa skal senda ut ei spørjeundersøking til dei ulike frivillige laga. «Frivillighet Norge» skal samla svara og laga ein rapport. Gruppa på Voss skal framover motivera dei ulike laga til å svara på undersøkinga i mars/april. Nils Helge ynskjer at me i idrettsrådet også kan motivera dei ulike laga til å svara på undersøkinga. Målet er at rapporten skal vera ferdig til sommaren og verta endeleg i august.

Sak 7 Årsmelding til 2016.

Leiar har laga eit framlegg til årsmelding. Styret godkjende framlegget.

Sak 8 Rekneskap Voss idrettsråd 2016 og rekneskap Edvard B. Hegboms minnefond 2016.

Til orientering.

Sak 9 Budsjett for Voss idrettsråd 2017.

Til orientering.

Sak 10 Samarbeidsavtale mellom Voss kommune og Voss idrettsråd.

Nils Helge skal leggja fram samarbeidsavtalen til MKU.

Referent Borghild Haugo Ure